


Bjørn Olav Tveit overtek leiing i Aktivitetshuset

22.01.2009



Det nye styret for Aktivitetshuset består av Bjørn Olav Tveit (foran), Trond Myklebust, Michael Røssland, Odd Steinar Arnesen og Edle Lomheim Døssland (ikke til stades). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bjørn Olav Tveit har overteke som ny leiar i Uskedalen Aktivitetshus AS og med seg i styret har han Odd Steinar Arnesen (økonomiansvarleg), Edle Lomheim Døssland, Michael Røssland og Trond Myklebust. Det siste året har det vore berre tre i styret: Vidar Haugland, Anne Guri Kildal og Odd Steinar Arnesen.



I styret siste året har desse tre vore medlemmer: Vidar Haugland, Anne Guri Kildal og Odd Steinar Arnesen. (Foto. Ola Matti Mathisen)
Den viktigste saka siste året har vore ferdigstillinga av garderobeanlegget slik at hallen skulle bli ferdig og tippemidlar ikkje gå tapt.

– Det var ein stor dag med flagget til topps då kommunen sin representant gav sin godkjenning 24. november, skriv Haugland i årsrapporten.

Det kunne skje, slår han fast, fordi dognadsånda i bygda framleis er stor, fordi Uskedalen har mange dugande handverkarar som har stilt velvillig opp med sin fagekspertise og fordi Sparebank 1 gav utvida lån.

Det siste skjedde fordi kommunen garanterte for lånet og i tillegg revurderte rentesatsar, utvida lånetida og slo saman dellän slik at dei månadlege utgifter på 10.000 kroner er til å leva med.

Rekneskapen viste eit underskot på 111.288 kroner og det meste av dette var avskrivningar.

For å dekka underskotet skal ein nå selja 109 aksjar på 1.000 kroner og dermed auka aksjekapitalen til 825.000 kroner.

No eig desse meir enn ein prosent av aksjane:

Uskedalen Idrettslag 300, Bringedal Eiendom 25, Uskedalen Helselag 25, Umoe Schat Harding 25, Uskedalen Utvikling 20, Friluftslaget 10, Brødrene Hjønnevåg 10, Nilsen Handel 10, Uskedalen Båtlag 10 og Uskedal Trelastlager 10.

I tida som kjem blir den største utfordringa å skaffa pengar til nedbetaling av lån og til drifta.. Ikkje berre skal det skje ein stabil, månadleg nedbetaling, det skal også skaffast overskotsmidlar til drifta og vidareutvikling av hallen.

Når det gjeld trimrommet, har dette vore ferdig lenge, men det har fungert som arbeids- og lagerrom under fullføringa av garderobeanlegget. No er det henta inn pristilbod på utstyr til rommet. Knut Inge Eidsvik har teke hovudansvaret for å få rommet innreia og Damevennene har sett inn 46.000 som hovudsakeleg vil gå til innkjøpt av utstyr. Det vil koma både bygdefolket sin fysiske tilstand og hallen sin økonomi til gode, sleg årsrapporten fast. No er det viktig å etablera gode rutinar rundt bruken av trimrommet.

Flaskepantordninga som SPAR har er ei svært god løysing for Aktivitetshuset, som i fjor fekk 25.871 kroner i pantepengar.

Hallen gav 40.225 i leigeinntekter. Utleigesatsane er no regulert til 100 kroner timen for organisert trenings til faste tider. Uorganiserte grupper utanom faste treningstider betalar 25. kroner pr. person pr. time og minst 150 kroner pr. time.

Gjennom året har idrettslaget og skulemusikken vore faste leidgetakrar og betalt 50 kroner timen. Elles har ei volleyballgruppe leidt hallen nokre tysdagar og skulemusikken tre helgar.

Andre oppgåver framover bli etablering av ein klatrevegg slik at aktivitetstilbodet blir utvida og vurdera installering av scene i kombinasjon med lagerplass for bord og stolar.

Av Ola Matti Mathisen